



MØTEPROTOKOLL

Utval Eldrerådet
Møtestad: Rådhuset
Møtedato: 30.10.2017

Start kl.: 09.00
Slutt kl.: 13.15

Til stades på møtet

Medl.: Johannes Lad, Sigrid Hamre Nyseth, Gunhild Brun, Torvald Bakken, Kjartan Kvien, Ivar Kvalen.

Forfall:

Varamedl.:

Frå adm. (evt. andre):

I fellesmøtet: Rådmann Jarle Skartun, ass rådmann John Olaf Røhme, omsorgsleiar Kari Paulsen, folkehelsekoordinator Britt Veum Hauge, sekretariatet v/Anita Bjørk Ruud og Karin Leirdal. I eldrerådet sitt møte sekretariatet v/Anita Bjørk Ruud

Medlemene hadde ikkje merknad til innkalling og sakliste.

SAKLISTE

Saksnr.	Tittel
13/17	17/4379 Godkjenning av møtebok
14/17	17/394 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2017 - 2028. Uttale
15/17	17/3690 Kommuneplanen sin arealdel 2018 - 2029. Uttale.
16/17	17/4381 Referat- og drøftingssaker

Underskrifter:

Vi stadfester at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Møteprotokoll er sendt til:

Medlemene, varamedlemer, rådmann, revisor, kontrollutvalet, biblioteket i kommunen, lokalavisa, NRK-Førde og Luster radio.

13/17

Godkjenning av møtebok

Handsaming:

Det var ikkje merknad til møteboka.

VEDTAK:

Møteboka frå møtet den 18.09.17 vert godkjent.

Gunhild Brun og Sigrud Hamre Nyseth vart valde til å skrive under på møteboka.

14/17

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2017 - 2028. Uttale

Handsaming:

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

I høve til fritid- og friluftslivstiltak føresler eldrerådet at det vert tilrettelagt for fiskeplassar for personar med nedsett funksjonsevne. Aktuelle fiskeplassar kan vere ved Hafslovatnet, ved fjorden og på Sognefjellet.

15/17

Kommuneplanen sin arealdel 2018 - 2029. Uttale.

Handsaming:

Det vart ikkje føreslege innspel til planprogrammet.

Eldrerådet vil uttale seg når det ligg føre framlegg til arealplan.

VEDTAK:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

16/17

Referat- og drøftingssaker

Handsaming:

Felles informasjon til eldrerådet/rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og brukarutvalet for samhandlingsreforma:

Informasjon frå omsorgstenesta, v/ass. Rådmann og leiar for omsorgstenesta Kari Paulsen.

Røhme viste organisasjonskartet, følgjer vedlagt protokollen. Sjukefråver siste kvartal var på 7-8%. Det er noko høgt, sjølv om me ligg under nasjonalt nivå for tenesta.

Kari Paulsen informerte om status på kvart området innanfor omsorgstenesta:

Tenestekontor, utfordrande arbeid å få vikarar, dei arbeider m.a. med forvaltningsoppgåver, budsjettarbeid, utviklingsarbeid, digitalisering, velferdsteknologi og dokumentasjon.

I desse dagar går det ut brev med tilbod om førebyggjande heimebesøk til 79 og 80 åringar, der dei mellom anna kan få vurdert heimen sin.

Kjøken. På kommuneplanmøte på Hafslo var det negative tilbakemeldingar på maten. Det er ynskjeleg å få råda sine synspunkt på maten frå sentralkjøkenet.

Innspel i møtet i høve til korleis potetene vert varma opp vert tekne med attende til omsorgstenesta. Det var elles gode tilbakemeldingar.

Luster omsorgssenter har langtidspasientar, og tung pleie. Her har det vore rekrutteringsutfordringar, og det vert arbeidd med særskilde rekrutteringstiltak. Ny sjukepleiar startar denne veke.

Det er framleis ledige omsorgsbustader i Luster.

Gaupne omsorgssenter har hatt ein travel haust på korttidsavdelinga med mange pasienter. Pr. i dag er det ferre, 3 pasientar. Det endrar seg fort.

Det er 5 ledige omsorgsplassar på gruppe 2 og 3. 1 ledig plass på eldresenter, her er det alltid søkjarar. Leilegheita vert no pussa opp.

Nytt tiltak med brukarstyrt personleg assistanse BPA, rettleiing og hjelp fungerer greitt. Hafslo omsorgssenter. Veldig stabilt med pasientar. 1 avlastningsplass som blir nytta for 2 pasientar. Dagsentertilbod for heimebuande er 3 dagar pr. veke, 5-6 personar kvar gong, 9 personar til saman. Margrete Sørhoel Røneid arbeider med utviklingsarbeid for dette tilbodet. Dei har no eigen bil og hentar og bringar pasientane. Luster kommune har fått 500.000 for å utvikle tilbodet innan demensomsorgen.

Grandmo busenter. Stabilt med brukarar, eit par nye og det er 1 ny barnebustad.

Dei tilsette arbeider langvakter i barnebustad.

Utfordringar på Grandmo er tidvis noko høgt sjukefråver og bygningsmasse. Leiinga er delt på to personar. Det er starta planlegging av bygningsmessige tiltak. Selmer Tverberg er brukarrepresentant i gruppa. På neste møte skal det arbeidast med føringar for ein arkitektkonkurranse. Omsorgstenesta har lyst ut mange stillingar, og det er positivt at det var mange søkjarar.

Det blir teke omsyn til dei som ynskjer å få auka sin stillingsprosent.

Rådmannen informerte om status på Helse, sjå vedlagde presentasjon.

Rådmannen informerte også om status økonomi: budsjett, økonomiplan, statusbudsjettet, tertialrapport 2. tertial, arbeidet med å førebu eigedomsskatt frå 2018. Kommunestyret vil fastsetje i budsjettmøtet sitt om det skal innførast allmenn eigedomsstatt frå 2018.

Open post:

Mary Aasen i brukarutvalet informerte om at innflyttarar ho har møtt, seier dei flytta til kommunen på grunn av vår gode eldreomsorg.

Torvald Bakken i eldrerådet tok opp spørsmål om det er eit alternativ å vurdere rimelegare husleige på utleigebustader som står ledige.

Jostein Melheim i brukarutvalet sa at etter at Tide overtok sjukehusbussen er tilbodet endra til vanleg rutebuss utan ekstraperson på bussen til å hjelpe pasientar. Dette har det vore mangelfull informasjon om. Dette bør me arbeide vidare med.

Melheim viste også til interkommunalt samarbeid og spurde om avtalar skal reforhandlast. Melheim ba om at det kan vurderast om frisklivssentralen kan bli ei kommunal teneste.

Rådmannen svara at det i 2018 er avtale med deling 45/55 % mellom Luster og Sogndal etter at Leikanger har trekt seg ut av avtalen. I statlege tilskotsordningar til tenesta har interkommunalt samarbeid vore eitt vilkår for å få tilskot.

Gunn Beate Thorsnes Lefdal i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne viste til rådmannen sin informasjon i høve til innsparing på spespedmidlar, og spurde om det er vurdert kvar det skal sparast.

Rådmannen svara at det er prognosar på at me bør klare å redusere bruken av spesped.midlar. Dette vil bli vurdert i samråd med PPT.

Framlagt for eldrerådet: Invitasjon til eldreråds kurs i januar 2018. – referert.

VEDTAK:

Eldrerådet ber om at det til neste møte blir undersøkt korleis sjukehusbuss-tenesta vert drifta no og lagt til rette for informasjon om ordninga.